



Margunn Valde  
Vestbygdvegen 250  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3707 - 14/13804

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
18.09.2014

## Godkjenning- Oppføring av redskapshus/lysthus på Gnr 8, bnr 13 i Meland kommune

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 09.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av redskapshus/lysthus på 20 m2 på gnr 8, bnr 13.

### Vurdering:

#### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF- område (landbruk,- natur,- og friluftsområde). Det er ikkje krav om dispensasjon frå kommuneplanen.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 08.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Alle naboar samtykkjer til tiltaket. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigar av Gnr 8, bnr 1 om at tiltaket kan oppførast inntil 0 meter frå felles grense.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på innsendt situasjonskart motteke 09.09.2014 . Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

#### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

### Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til oppføring av redskapshus/lysthus i samsvar med søknad motteke 09.09.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 09.09.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

*Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Margunn Valde

Vestbygdvegen 5918  
250

FREKHAUG